

planID 1256 20170003
arkivID 17/1489, 20/1130

Ordførar



Reguleringsplan (detalj)

*Detaljregulering
fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244.*

Reguleringsføresegner
(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Datert 25.03.2019, 30.04.2020, 23.06.2020

Utvil	Utarbeid	Sist endra	Sak	Godkjent	ArkivID
UDU			58/2019		17/1489
APM					20/1130
Kommunestyre					

1. Siktemålet med planen

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for nytt kryss mellom fv. 564 og Frekhaug sentrum samt utbetring av fv. 244 med etablering av ny gang- og sykkelveg. Planen legg til rette for at fv. 244 vert kopla til ny rundkjøring på fv. 564. Målet er å betre trafikktryggleiken for gående og syklande i området samt å legge til rette for framtidig kollektivhaldeplass.

Utfyllande opplysingar går fram av planomtalen.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Terrenghandsaming og vegetasjon

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadene. Skjeringar og fyllingar skal rundast av og verte tilpassa tilgrensande terren. Det skal så langt råd er revegeterast med stadeigne massar og stadeigen vegetasjon.

2.2 Krav om byggjeplan

Før utbygging av veganlegget kan starte opp skal det ligge føre ein byggjeplan med utgangspunkt i denne reguleringsplan, Statens vegvesen sine handbøker og retningslinjer.

2.3 Plan for Ytre Miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan). YM-planen skal ligge føre saman med byggjeplan for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov.

2.4 Rigg- og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sørge for at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringer for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg- og marksikringsplanen skal gje føringer for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdsselsårer for friluftsliv.
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiling av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast med tydeleg fysisk avmerking i anleggsfasen.

2.5 Vern mot ureining

Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i bekker og vatn. Byggjeplanen skal omtale løysing for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase. Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.

2.6 VA-rammeplan

Rammeplan for vatn og avløp er rettleiande for vidare detaljprosjektering av VA-anlegget.

Detaljprosjektert VA-løysing skal godkjennast av kommunen før anleggsstart.

2.7 Tilgjenge

Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn ved prosjektering av veganlegget.

- 2.8 Automatisk freda kulturminne
- 2.8.1 Dersom det under anleggsarbeid kjem fram automatisk freda kulturminne må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren varslast jf. Kulturminnelova §8, 2.ledd.
- 2.8.2 Før iverksetjing av arbeid i høve til planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id. 242205 som er merka som område for føresegning #6 i plankartet.
- 2.8.3 Tiltakshavar skal ta kontakt med fylkeskommunen i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskingsa blir fastsett.

3 Føresegner til arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

3.1.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

Område o_BOP er del av eksisterande skuletomt som inngår i reguleringsplanen. Føresegner i kommuneplanen sin arealdel er gjeldande.

3.1.3 Bustad / tenesteyting (BKB)

Område BKB er område fastsatt til framtidig bustad og tenesteyting i gjeldande kommuneplan.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a. Mindre avvik innanfor område Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som til dømes grunntilhøva eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan medføre at areal som skal disponerast til vegføremål kan fråvike frå det som går fram av planen
- b. Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og naudsynte tekniske anlegg og installasjonar.
- c. Plassering av avkjørsler vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkjørsler og kva veg eigedomane skal ha avkjørsle frå er bindande.
- d. Utvida bruk av avkjørsler skal godkjennast med vegstyresmakt. Avkjørsler skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt for kvar aktuell veg.

3.2.2 Veg (SV)

- a. o_SV1 er ny tilkomstveg frå ny fv. 244 til Bustølvegen.
- b. o_SV2 er del av kommunale Havnevegen.
- c. f_SV3 er eksisterande tilkomstveg bustader på eigedom 324/1.
- d. f_SV4 er ny tilkomstveg til eigedommane 324/4, 324/12, 324/54 og 324/86.
- e. f_SV5 er ny tilkomstveg til eigedommane 324/5, 324/19, 324/43 og 324/59.
- f. f_SV6 er ny tilkomstveg frå f_SV5 til bustadene på eigedommane 324/59 og 324/5.
- g. f_SV7 er utbetring av eksisterande felles tilkomstveg frå Sagstadvegen til Bustølvegen
- h. f_SV8 er landbruksavkjørsle for eigedom 324/5.
- i. f_SV9 er landbruksavkjørsel for eigedom 324/1.
- j. SV10 er privat tilkomstveg for eigedom 324/86.
- k. SV11 er privat tilkomstveg til eigedom 324/12.

3.2.3 Køyreveg (SKV)

- a. o_SKV1 er offentleg køyreveg fv. 564 .
- b. o_SKV2 er offentleg køyreveg fv. 244.
- c. o_SKV3 er offentleg køyreveg, arm av fv. 564.
- d. o_SKV4 er kommunal køyreveg.
- e. o_SKV5 er offentleg busshaldeplass og avsetjingsområde ved Sagstad skule.
- f. o_SKV6 er kommunal køyreveg.

3.2.4 Fortau (SF)

- a. o_SF1 – o_SF4 er areal til fortau offentleg veg.
- b. o_SF5 er offentleg fortau langs busshaldeplass og snusløyfe ved Sagstad skule.

3.2.5 Gang- og sykkelveg (SGS)

o_SGS1 – o_SGS4 er offentleg gang- og sykkelveg.

3.2.6 Sykkelveg / -felt (SGG)

o_SGG1 er areal til gangveg / trapp.

3.2.7 Sykkelveg / -felt (SS)

Område o_SS1 er areal til sykkelveg.

3.2.8 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

- a. Innanfor områda SVG tillatast naudsynete skjeringar, fyllingar, grøftar, murar, kulvert, røyr, nettstasjonar og andre tekniske installasjonar. Areala skal dekkast til med jord og såast til. Innanfor føremålet kan areala nyttast som område for rigg og mellombels deponi i anleggsfasen. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad ivaretakast.
- b. Innanfor område o_SVG5 kan det først opp nytt energianlegg som erstatning for trafo på eigedom 324/24.
- c. o_SVG2 og o_SVG11 er rabatt med breidde på minimum 1,5 m mellom gang- og sykkelveg og køyreveg fv. 244.
- d. o_SVG13 er areal til parkmessig opparbeiding mellom o_SF3 og o_SV3 i Frekhaug sentrum.

3.2.9 Kollektivhaldeplass (SKH)

Område o_SKH1 er areal til framtidig kollektivhaldeplass i Frekhaug sentrum. Byggeplan for arealet skal detaljere utforminga av kollektivhaldeplassen.

Område o_SKH2 er areal til framtidig kollektivhaldeplass ved Sagstad skule. Arealet skal opparbeidast som plattform for buss.

3.2.10 Parkeringsplass (SPP)

Område o_SPP er del av regulert parkeringsareal i gjeldande reguleringsplan for Frekhaug senter.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemد basert på ressursgrunnlaget på garden (L)

I område L skal kommuneplanens areal del gjelde der ikke anna er gitt. Områda skal sikre dagens bruk av arealet.

4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)

4.1 Frisikt (sone H140)

Innanfor sone for frisikt skal det vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytande vregar sitt plan, jf. gjeldande vegnormalar.

4.2 Støysone (sone H210 og H220)

Gjeldande retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, er førande for gjennomføring av tiltak. Dette gjeld også for anleggsfasen. Område H210 gjeld raud støysone og område H220 gjeld gul støysone, i samsvar med T-1442.

4.3 Faresone, høgspenningsanlegg (sone H370)

Høgspenningsanlegg gjeld høgspent luftlinje som kryssar deler av planområdet. Tiltak innanfor sonene skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggjeplan.

5 Føresegner til føresegnområde (§ 12-7)

5.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde (#1 - #5)

- a. Områda kan nyttast som anlegg- og riggområde så lenge anleggsarbeida er i gong. Områda kan i anleggsfasen nyttast til midlertidig massehandtering, midlertidige brakkeriggjar med tilhøyrande køyre- og parkeringsareal mens arbeida pågår, tekniske anlegg, omkøyringsvegar m.m. Områda skal ferdigstillast med god tilpassing til omkringliggende terren.
- b. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikke føre til fare for dei som ferda i nærområda.
- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at ein delstrekning er opna, skal områda tilbakeførast eller setjast i stand i samsvar med arealformålet. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig til 10 år etter vedtak av detaljplanen / **planens ikrafttredelsesdato**. Ved ferdigstilling av veganlegg innan den tid skal det gjevast tilbakemelding om at midlertidig bygge og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.
- d. Område #1 skal nyttast til midlertidig massehandtering. Området skal ferdigstillast med voll i samsvar med landskapsteikning O001 og ved ferdigstilling av rundkøyring.
- e. Område #3 skal nyttast til ranking av jord og ferdigstillast som opparbeidd og tilsådd landbruksområde med maks helling 1:7, langs fv. 244. Areala skal tilbakeførast som fulldyrka jord etter klassifikasjonssystem i AR5.
- f. I område #4 skal eksisterande tørrmur og trapp sikrast i anleggsperioden og reetablerast dersom anleggsarbeid fører til skade på tørrmur / trapp.
- g. Føresegnområde #1 - #5 kan fjernast frå plankartet administrativt av planmynde etter at anleggsperioden er over.

5.2 Føresegnområde for gjennomføring av tiltak (#6)

Føresegnområdet #6 er automatisk freda kulturminne (Askeladden ID242205_1) med særskild rekkefølgjekrav for gjennomføring. Kulturminnet må frigjevast av kulturminnemynde før arbeid innanfor føresegnområdet kan starte.

6 Rekkefølgjekrav

6.1 Bygging av avkørysle

Det skal vera opparbeidd tilfredsstillande vegr/avkørysler til egedommar der eksisterande tilkomstar er regulert stengde, før eksisterande tilkomst vert stengd.

6.2 Inngrep i område for kulturminne

Det skal takast kontakt med kulturminnemynde i god tid før tiltaket innanfor område #6 kan starte, slik at omfanget av eventuell gransking kan fastsetjast og kulturminnet i føresegnområde #6 kan frigjevast, jf pkt. 5.1. Føresegnområdet fell bort berre når kulturminnet er frigjeve og kulturminnemynde har gjeve løyve til tiltak.

6.3 Før løyve til riving av løe på gnr. 324, bnr. 4

Det skal vera utarbeidd og godkjend kulturminnedokumentasjon av eksisterande løe på gnr. 324, bnr. 4 før det kan gjevast løyve til riving.